



Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk  
kirkeråd  
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 21.09.2022

Vår ref: 22/02840-3

Dykkar ref:

## Svar på høyring om saksbehandling av liturgisaker

Stavanger biskop og bispedømmeråd takkar for høvet til å gje tilbakemelding på dei føreslårte endringane i regelverket for liturgisaker. Bispedømmerådet behandla saka i møte 5. september 2022 og gjorde følgjande vedtak:

*Stavanger bispedømmeråd sender svar på høyringa om saksbehandling i liturgisaker, i samsvar med saksframlegg og med endringane som kom fram i møtet.*

Vedtaket var einstemmig.

Svaret følger, sett opp etter spørsmåla frå høyringa.

*1. Er høringsinstansen enig i at det er tjenlig med en tredeling i saksbehandlingen av liturgisaker?*

Ja.

*2. Slutter høringsinstansen seg til at Kirkerådet i tvilstilfeller kan avgjøre om en liturgisak skal behandles etter kapittel 2 eller 3 i regelverket?*

Ja.

*3. Stiller høringsinstansen seg bak at liturgi for hovedgudstjenesten, eventuelle liturgier for faste dager i kirkeåret og liturgier for dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd behandles som beskrevet i kapittel 2?*

Ja.

*4. Er høringsinstansen enig i at det også er et behov for en forenklet saksbehandling av enkelte liturgisaker?*

Ja.

Se forøvrig kommentarer til slutt og i det vedlagte saksframlegget.

*5. Slutter høringsinstansen seg til forslaget til en saksbehandling som beskrevet i kapittel 3?*

Ja.

*6. Stiller høringsinstansen seg bak forslaget om liturgiske forsøkssaker i §13?*

Nei.

Se samlet kommentar under spørsmål 7.

*7. Har høringsinstansen andre kommentarer til forslaget til regler for saksbehandling i liturgisaker?*

Ja.

Biskop og bispedømmeråd støttar at det blir oppretta ein enklare saksgang for liturgisaker som ikkje gjeld hovudgudstenesta eller liturgi for dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

I Stavanger bispedømme har det dei siste tiåra vore mykje liturgisk utprøving. Det har blitt etablert nye kyrkjelydar som har hatt rom for å gjera forsøk med gudstenesteordninga. Mange kyrkjelydar nyttar høvet før reforma i 2011 til å etablira tradisjonar som fungerer godt lokalt og gjev høg deltaking og stort eigarskap til gudstenesta. Ikkje minst har mange arbeidd mykje for å inkludera barn og familiar. Høvet til å nyttar alternativ liturgisk musikk har vore viktig.

Nokre kyrkjelydar i bispedømmet har også etablert praksistar som er utfordrande i forhold til liturgiske fellesordningar, til dømes alternativ plassering av nattverden. Her ønsker biskopen endringar på sikt, men på ein måte som ikkje skapar unødige utfordringar lokalt. Gudstenestene i bispedømmet har eit felleskyrkjeleg og ofte folkekyrkjeleg preg, sjølv om dei har kravd nokre tilpassingar i møtet med siste justerte grunnordning.

Mellan prostar og kyrkjelydar er det også eit sterkt medvit om at rekruttering til gudstenester er utfordrande og at oppslutninga om kyrkjelege handlingar ikkje er sjølvsagt. Mange ønsker å rekruttera fleire unge til gudsteneste. For å få til dette, etterlyser dei også eit noko større liturgisk handlingsrom for hovudgudstenesta enn dei har i dag. For tida har også eit prosti fått høve til å praktisera ordning for gravferd mindre stramt, for å sjå om dette er tenleg i møte med dei pårørande.

I møte med denne situasjonen vil det ikkje vera tilstrekkeleg at biskopen kan godkjenna mindre avvik frå dei nasjonale ordningane. Biskopen treng ei vidare fullmakt i liturgisaker.

Biskop og bispedømmeråd ser det også som viktig at det blir enklare å gjennomføra liturgiske forsøk enn det føreslårte regelverket opnar for. I bispedømmet er det fleire stader eit sterkt ønske frå kyrkjelydane om større opning for liturgisk fleksibilitet. Dette trengst det både heimel for og ryddige rammer rundt. Råd og biskop meiner derfor det også må vera mogleg å setja i gang med liturgiske forsøk på bispedømmenivå.

Liturgiar skal vera godt teologisk forankra. Mykje bør vera felleskyrkjeleg, ikkje minst i ei tid der folk er meir mobile enn før. Stavanger biskop og bispedømmeråd ser likevel at møtet mellom felleskyrkjelege ordningar og lokal tradisjon, kultur og innovasjonslyst kan vera

utfordrande. Dagens måte å regulera liturgi på gjev lite lokalt handlingsrom og lite rom for lokal, liturgisk innovasjon, også når dette kan skje med god kvalitet og på trygg teologisk grunn. Smått og stort i liturgiane har i dag ofte same formelle tyngde.

Ikkje minst har me i prosessen med godkjenning av justerte grunnordningar sett at *ei* ordning for hovudgudsteneste ikkje passar heilt til den lokale variasjonen mellom gudstenester for små og store, gudstenester ved særskilte høve, gudstenester i trusopplæringa, gudstenester med kulturelt preg av ulikt slag og gudstenester med særlege fokus. Før ordninga i 2011 var det eit ordna mangfald i gudstenestebøkene som gjorde det enklare å strukturera desse naturlege variasjonane i gudstenestlivet. Nå ligg til dømes dei viktige gudstenestene med barn og unge som målgruppe i eit vakuum, der kvar kyrkjelyd må finna sin veg innafor ordningars som ikkje er utforma med barn og unge som primær målgruppe.

Sjølv om det ikkje er naudsynt med ny nasjonal gjennomgang av hovudgudstenesta, ser ein derfor i Stavanger bispedømme at det finst eit klart og reelt ønske om å gjera liturgiske forsøk og bidra til liturgisk utvikling. Dette kan det ligga positive moglegheiter for oppslutninga om kyrkja i. Liturgiske saker meiner råd og biskop det er godt grunnlag for å gje lokale kyrkjelydar større fridom og lokalt tilsette og tillitsvalde meir tillit.

For å kunna leia gudstenestelivet i Stavanger bispedømme på ein måte som svarar til behova i kyrkjelydane, treng biskopen derfor ei vidare formulering enn den som er foreslått. Til § 1 foreslår biskop og bispedømmeråd i Stavanger derfor følgjande tekst:

*Biskopen har myndighet til å godkjenne avvik fra de gjeldende liturgiske ordningene.  
Biskopen kan også godkjenne lokale forsøk med alternative liturgiske ordninger.  
Kirkerådet og Bispemøtet orienteres om dette.*

Dei gitte rammene for liturgiske forsøkssaker Kyrkjerådet ser føre seg bør så tilpassast dette. Her kan det skiljast mellom større nasjonale prosessar og regionale og lokale forsøk i mindre skala.

Saksframlegget til Stavanger bispedømmeråd blir lagt ved som utfyllande bakgrunn for høyringssvaret.

Med helsing

Anne Lise Ådnøy  
biskop

Geir Skårland  
Avdelingsleiar, kyrkjelydsutvikling

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Mottakarar:

Kirkerådet, Mellomkirkeleg råd, Samisk  
kirkeråd

Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO





Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Geir Skårland	004	22/02840-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Stavanger bispedømmeråd 2020-2023	05.09.2022

## Svar på høring om saksbehandling av liturgisaker

### Saksorientering

Kyrkjerådet har sendt forslag til nye reglar for saksbehandling i liturgisaker på høyring.

I tillegg til dei reglane som blir brukt i dag, foreslår Kyrkjerådet ei forenkla ordning for mindre liturgisaker. I tillegg foreslår dei endringar og presiseringar av nokre reglar.

Sjølv om desse reglane ikkje til vanleg har stort fokus, har dei mykje å seia for kva handlingsrom biskopar og kyrkjelydar har i liturgispørsmål. Sidan Kyrkjerådet vil presisera reglar for liturgiske forsøk og godkjenning av alternative liturgiske ordningar, vil reglane få konkrete konsekvensar for prosessar i Stavanger bispedømme. Spørsmål som kan bli påverka av desse reglane er det fleire kyrkjelydar som har stort engasjement for.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar er eit stort og viktig område av den kyrkjelege verksemda. Det er viktig med eit regelverk som legg til rette for gode gudstenester og kyrkjelege handlingar, som legg avgjerdsmynne på eit passande nivå og som verken styrer for mykje eller for lite i forhold til kva som bør vera felles i kyrkja og kva som kan variera.

### Oversikt over forslaga.

Kort sagt foreslår Kyrkjerådet at liturgisaker kan behandlast på tre ulike måtar.

- 1) Liturgiar for hovudgudstenesta, faste dagar i Kyrkjeåret og dåp, konfirmasjon vigsel og gravferd skal førebuast, drøftast og fastsetjast på same måte som i dag. Her legg ein opp til svært grundige felleskyrkjelege prosessar, med endeleg vedtak i Kyrkjemøtet.
- 2) Det blir oppretta ein enklare måte å behandla andre liturgisaker på. Dette gjeld til dømes liturgiar for vigsling, soknebod og velsigning av hus og heim. Her legg ein opp til oppstart i Kyrkjerådet og Bispemøtet, saksbehandling i nemnd for gudstenesteliv, vedtak i Bispemøtet, høyring, nytt vedtak i Bispemøtet og til slutt vedtak i Kyrkjerådet.

3) Andre liturgiar utarbeida lokalt eller sentralt, til dømes tidebøner, liturgiar for temagudstenester og kveldsgudstenester kan leggast på ressursbanken.no. Kyrkjerådet foreslår at Nemnd for gudstenesteliv kvalitetssikrar og redigerer liturgiar som blir lagt på ressursbanken.

Her er det punkt 2 og 3 som er nytt. Ein ser ikkje føre seg at den typar liturgiar det er snakk om treng same grundige behandling som liturgiar som kjem inn under punkt 1.

I tillegg vil Kyrkjerådet presisera reglane for liturgiske forsøk. Liturgiske forsøk er aktuelle når nokon har nye idear dei gjeldande ordningane ikkje alt gjev rom for. Dei siste åra har kyrkja brukt mykje krefter på å utgreia, vedta og innføra ny ordning for hovudgudstenesta. Det har også kome nye ordningar for gravferd, vigsel, dåp og konfirmasjon sidan tusenårsskiftet. Kyrkjerådet ser ut frå dette ikkje for seg større liturgiske forsøk i tida som kjem.

Kyrkjerådet foreslår denne teksten i § 13 om liturgiske forsøkssaker:

*Kirkerådet kan gi nærmere regler for liturgiske forsøkssaker. Kirkerådet skal orientere Kirkjemøtet om vedtak som er gjort i liturgiske forsøkssaker. Etter forsøksperioden tar Kirkerådet stilling til om det skal igangsettes liturgisak.*

Kyrkjerådet vil også presisera kva mynde kvar enkelt biskop har til å godkjenna avvik fra liturgiske ordningar. Forslaget til nytt regelverk brukar denne formuleringa:

*Biskopen har myndighet til å godkjenne mindre avvik fra de gjeldende liturgiske ordningene.*

Høringsnotatet og regelforslaget ligg ved saka.

## Vurderingar

Det verkar tenleg og fornuftig å oppretta enklare saksgang for mindre liturgisaker. Skiljet mellom kva saker som skal behandlast på kvar måte verkar fornuftig.

Uffordringa med liturgisaker i kyrkja ligg på eit anna plan.

For det første er liturgisakene krevjande å behandla i Kyrkjemøtet. Dei er ofte omfattande. Det som kjem til Kyrkjemøtet har vore innom svært mange instansar, så det er mykje historikk i saksbehandlinga. Mange av spørsmåla er også teologisk kompliserte. Å utforma liturgi krev også svært godt språk. Det blir fort krevjande for både saksførebuing og medlemmar i Kyrkjemøtet.

Samtidig følgjer det av ordningane i Kyrkja at Kyrkjemøtet er det øvste organet i slike spørsmål, så det er vanskeleg å finna gode alternativ til den prosessen kyrkja har for dei største liturgisakene i dag.

Ei anna utfordring er at liturgiar blir vedtekne med svært høg detaljeringsgrad. Det blir gjort vedtak på formuleringsnivå i alle de store liturgiane. Det er ikkje uvanleg at prestar og kyrkjelydar kjem med ønske om mindre detaljstyring og større fridom på det liturgiske området.

I den grad det står språkleg kvalitet, sentrale tradisjonar eller teologi på spel i val av liturgiske formuleringar, er det viktig med trygge og samlande løysingar for kyrkja. Nokre lokale forslag og individuelle variantar kan vera sårbarer her. Samtidig kan det også tenkast uproblematiske variasjonar ein kan ha vanskeleg for å forstå at det ikkje går an å bruka eller prøva ut. Det krev kompetanse å skilja mellom kva som er kva, men i utgangspunktet bør både velutdanna prestar og biskopar kunne vera i stand til å sortera her.

Stavanger bispedømme har dei siste tiåra hatt større rom for utprøving av nyordningar i gudstenestelivet enn kyrkja elles, til dels initiert av tidlegare biskopar. Ikkje minst har nye kyrkjelydar fått friare hender enn etablerte kyrkjelydar til å setja preg på si eiga gudsteneste. Då den nye liturgien kom i 2011, opplevde mange kyrkjelydar elles i landet dei nye

ordningane som opnare enn det dei var vane med, mens kyrkjelydar i Stavanger bispedømme opplevde det som ei innstramming.

Internt i bispedømmet er ikkje dette biletet eintydig. Dei fleste kyrkjelydane har ordningar som ligg innafor dei nasjonale ordningane, men fleire enn det som er vanleg elles har dispensasjonar for alternative liturgiske ordningar eller alternativ liturgisk musikk. Mange stader er det stort lokalt eigarskap til dei lokale ordningane, slik at det vil vera utfordrande for oppslutninga om gudstenesta og tilhøvet mellom den lokale kyrkjelyden og den nasjonale kyrkja å krevja endringar som ikkje er ønska lokalt.

Eit eksempel på dette handlar om plassering av nattverden. Elles i både den nasjonale og verdsvide kyrkja kjem nattverdfeiringa etter preika. I Rogaland har det vore forsøk med nattverd før preika, for å inkludera barna i gudstenesta i nattverdfeiringa på ein smidig måte. Kyrkjelydar som har prøvd ut denne ordninga opplever det ofte som ei utfordring for barn og familiar i gudstenesta å gå tilbake til den tradisjonelle ordninga, som Kyrkjemøtet sitt vedtak frå 2011 legg sterk vekt på.

Gudstenesteliv handlar om meir enn liturgiske val, tradisjon og gjenkjenning. Det handlar også om faktisk kommunikasjon, musikk, forkynning, fellesskap og deltaking. Biskopen i Stavanger har hatt behov for å gjera individuelle vurderingar og gje dispensasjon til vidare bruk av etablerte lokale ordningar i fleire tilfelle. Nokre gongar er det snakk om uproblematiske val, andre gongar er det snakk om ting ein isolert sett kunne tenka seg at kyrkjelyden la seg tettare opp til nasjonale ordningar i, men der ein ser at det ikkje vil fungera i praksis å krevja dette.

I tillegg kjem strategiske utfordringar når det gjeld oppslutning om gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Dei siste åra, uavhengig av korona, har me sett at deltakinga på gudstenester går ned. Me møter ikkje sjeldan kyrkjelydar som uroar seg fordi det er godt vaksne og eldre som fyrst og fremst kjem på gudsteneste.

Desse utfordringane finst det fleire prestar og kyrkjelydar som ønsker å møta gjennom å arbeida med gudstenesteforving, også gjennom liturgisk utprøving. Det finst ulike syn i kyrkja på kva som er god strategi her. Nokre meiner å stå fast i tradisjonen, ha mest mogleg felles løysingar og satsa på god bruk av det ein har i dag er vegen å gå. Andre meiner det må større endringar til og at vanskeleg tilgjengeleg språk, form og musikk er hinder for deltaking det bør prøvast ut betre løysingar for.

Dei rammene Kyrkjerådet foreslår i det oppdaterte regelverket, legg opp til at større liturgiske forsøk må godkjennast på nasjonalt nivå, til dels med svært tung saksbehandlingsveg. Biskopane får fullmakt til å godkjenna «mindre avvik». Dette vil nok ikkje vera tilstrekkeleg til å gje det rommet som blir gitt i dag til kyrkjelydar i Stavanger bispedømme som treng vidare rammer.

Det finst ulike kristne tradisjonar innafor Den norske kyrkja. Kyrkja ønsker å vera ei folkekirkje som samlar flest mogleg i Noreg, uavhengig av bakgrunn og kultur. Dagens hovudgudstenester bygger på den breie og lange tradisjonen i dei historiske kyrkjesamfunna. Den norske kyrkja rommar også mange med bakgrunn frå lågkyrkjelege rørsler, som også kan spora sine former tilbake til bibelsk tid. Ikke minst finn gudstenesta stad i en kontekst av sekularisering og pluralisme, der mange som kjem innom ei kyrkje vil møta mykje som er nytt uansett.

Alt i alt gjev dette biletet grunn til varsemd med å gjera rommet for utprøving og variasjon strammare enn det som er nødvendig. Det står ikkje på spel at kyrkja har felles, godt forankra og gjennomarbeidde liturgiske hovudordningar. Oppslutninga om desse er god og brei nok til at desse vil halda seg og dominera lenge. Det som står på spel er biskopen sin heimel til å gjera gode val, også i større saker, der raske, ytrestyrte endringar ikkje vil få godt ut lokalt, eller der komplisert, nasjonal saksgang vil vera til hinder for utprøving og positiv innovasjon som på sikt kan koma fleire til gode og styrka oppslutninga om kyrkja.

Administrasjonen vil derfor foreslå at bispedømmerådet i høyringa tek til orde for vidare rammer for liturgiske forsøk og vidare fullmakter til biskopane til å godkjenna «avvik» frå dei liturgiske hovudordningane. I sjølve språkbruken ligg det eit negativt syn på variasjon. Det er ikkje sikkert alternative ordningar og andre måtar å gjera ting på er «avvik». Variasjon kan også vera uttrykk for positivt mangfald, livskraft og gode idear.

## Forslag til svar

Stavanger biskop og bispedømmeråd takkar for høvet til å gje tilbakemelding på dei føreslårte endringane i regelverket for liturgisaker.

Biskop og bispedømmeråd støttar at det blir oppretta ein enklare saksgang for liturgisaker som ikkje gjeld hovudgudstenesta eller liturgi for dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

I Stavanger bispedømme har det dei siste tiåra vore mykje liturgisk utprøving. Det har blitt etablert nye kyrkjelydar som har hatt rom for å gjera forsøk med gudstenesteordninga. Mange kyrkjelydar nyttar høvet før reforma i 2011 til å etablira tradisjonar som fungerer godt lokalt og gjev høg deltaking og stort eigarskap til gudstenesta. Ikke minst har mange arbeidd mykje for å inkludera barn og familiær. Høvet til å nyttar alternativ liturgisk musikk har vore viktig.

Nokre kyrkjelydar i bispedømmet har også etablert praksisar som er utfordrande i forhold til liturgiske fellesordningar, til dømes alternativ plassering av nattverden. Her ønsker biskopen endringar på sikt, men på ein måte som ikkje skapar unødige utfordringar lokalt.

Gudstenestene i bispedømmet har eit felleskyrkjeleg og ofte folkekirkjeleg preg, sjølv om dei har kravd nokre tilpassingar i møtet med siste justerte grunnordning.

Mellom prostar og kyrkjelydar er det også eit sterkt medvit om at rekruttering til gudstenester er utfordrande og at oppslutninga om kyrkjelege handlingar ikkje er sjølv sagt. Mange ønsker å rekruttera fleire unge til gudsteneste. For å få til dette, etterlyser dei også eit noko større liturgisk handlingsrom for hovudgudstenesta enn dei har i dag. For tida har også eit prosti fått høve til å praktisera ordning for gravferd mindre stramt, for å sjå om dette er tenleg i møte med dei pårørande.

I møte med denne situasjonen vil det ikkje vera tilstrekkeleg at biskopen kan godkjenna mindre avvik frå dei nasjonale ordningane. Biskopen treng ei vidare fullmakt i liturgisaker.

Biskop og bispedømmeråd ser det også som viktig at det blir enklare å gjennomføra liturgiske forsøk enn det føreslårte regelverket opnar for. I bispedømmet er det fleire stader eit sterkt ønske frå kyrkjelydane om større opning for liturgisk fleksibilitet. Dette trengst det både heimel for og ryddige rammer rundt. Råd og biskop meiner derfor det også må vera mogleg å setja i gang med liturgiske forsøk på bispedømmenivå.

Liturgiar skal vera godt teologisk forankra. Mykje bør vera felleskyrkjeleg, ikkje minst i ei tid der folk er meir mobile enn før. Stavanger biskop og bispedømmeråd ser likevel at møtet mellom felleskyrkjelege ordningar og lokal tradisjon, kultur og innovasjonslyst kan vera utfordrande. Dagens måte å regulera liturgi på gjev lite lokalt handlingsrom og lite rom for lokal, liturgisk innovasjon, også når dette kan skje med god kvalitet og på trygg teologisk grunn. Smått og stort i liturgiane har i dag ofte same formelle tyngde.

Ikkje minst har me i prosessen med godkjenning av justerte grunnordningar sett at *ei* ordning for hovudgudsteneste ikkje passar heilt til den lokale variasjonen mellom gudstenester for små og store, gudstenester ved særskilte høve, gudstenester i trusopplæringa, gudstenester med kulturelt preg av ulikt slag og gudstenester med særlege fokus. Før ordninga i 2011 var det eit ordna mangfald i gudstenestebøkene som gjorde det enklare å strukturera desse naturlege variasjonane i gudstenestlivet. Nå ligg til dømes dei viktige gudstenestene med barn og unge som målgruppe i eit vakuum, der kvar kyrkjelyd må

finna sin veg innafør ordningar som ikkje er utforma med barn og unge som primær målgruppe.

Sjølv om det ikkje er naudsynt med ny nasjonal gjennomgang av hovudgudstenesta, ser ein derfor i Stavanger bispedømme at det finst eit klart og reelt ønske om å gjera liturgiske forsøk og bidra til liturgisk utvikling. Dette kan det ligga positive moglegheiter for oppslutninga om kyrkja i. I liturgiske saker meiner råd og biskop det er godt grunnlag for å gje lokale kyrkjelydar større fridom og lokalt tilsette og tillitsvalde meir tillit.

For å kunna leia gudstenestelivet i Stavanger bispedømme på ein måte som svarar til behova i kyrkjelydane, treng biskopen derfor ei vidare formulering enn den som er foreslått. Til § 1 foreslår biskop og bispedømmeråd i Stavanger derfor følgjande tekst:

*Biskopen har myndighet til å godkjenne avvik fra de gjeldende liturgiske ordningene.  
Biskopen kan også godkjenne lokale forsøk med alternative liturgiske ordninger.  
Kirkerådet og Bispemøtet orienteres om dette.*

Dei gitte rammene for liturgiske forsøkssaker Kyrkerådet ser føre seg bør så tilpassast dette. Her kan det skiljast mellom større nasjonale prosessar og regionale og lokale forsøk i mindre skala.

Saksframlegget til Stavanger bispedømmeråd blir lagt ved som utfyllande bakgrunn for høyringssvaret.

## **Forslag til vedtak**

Stavanger bispedømmeråd sender svar på høyringa om saksbehandling i liturgisaker, i samsvar med saksframlegget og med endringane som kom fram i møtet.